

Saksbehandlar: Trude Helen Flåten, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 16/6251-1

Klage frå Gamlebanken Spelemannslag på avslag på søknad om kulturmidlar

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet som klagenemnd til å gjere slikt vedtak:

Klagen frå Gamlebanken Spelemannslag vert ikkje teken til følgje.

Vedlegg:

- Søknad, dagsett 15.01.16
- Klage, dagsett 28.04.16

Andre dokument som ikkje ligg ved:

- Vedlegg til søknaden (budsjett, fakta, faldar, program LF2016)
- Vedtak om avslag på søknad, dagsett 14.04.16
- Underinstansen si handsaming av klagen, dagsett 04.07.16
- Oversending til fylkesrådmannen, dagsett 05.07.16

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Sogn og Fjordane fylkeskommune yter kvart år økonomisk tilskot til allment kulturarbeid i fylket, mellom anna aktivitetsstønad. Meir informasjon om kulturmidlane er tilgjengeleg på sfj.no: <http://www.sfj.no/kulturmidlar-til-allment-kulturarbeid.340484.nn.html>

Gamlebanken Spelemannslag søkte 15.01.16 om 125 000,- i kulturmidlar, til å gjennomføre Landsfestivalen i gammaldansmusikk i Gaupne 3. – 7. august 2016. Landsfestivalen har 30 års jubileum i år. Arrangementet rekrutterer deltakarar og publikum frå heile landet til tevlingar innan musikk og dans i gammaldanssjangeren. Arrangementet har status som NM i gammaldans. I tillegg til konkurransen vert det kulturprogram med skreddarsydde produksjonar for ulike målgrupper, sjå vedlagd søknad. Kostnadane er stipulert til 2 690 000 kr. Kommunen har løyvd 200 000 kr. til prosjektet.

Fylkesdirektøren for næring og kultur gjer etter delegert mynde vedtak i saker om tildeling av kulturmidlar. Fylkesdirektøren avsto søknaden med følgjande grunngjeving:

Landsfestivalen i gammaldansmusikk er eit viktig arrangement for gammaldansmiljøet i fylket. Fylkesdirektøren rår likevel til å avslå søknaden då kulturmidlane skal gå til regionale og ikkje nasjonale tiltak.

Spelemannslaget klaga på avgjerda ved brev dagsett 28.04.16. Fylkesdirektøren tok ikkje klagen til følgje, og sende saka over til fylkesutvalet som klagenemnd, jf. delegeringsreglementet punkt 1.4.3.

2. Klagaren har hovudsakleg gjort gjeldande

Spelemannslaget kan ikkje sjå at det er grunnlag for å avslå søknaden med grunngeving i at kulturmidlane ifølgje retningslinjene skal gå til regionale, og ikkje nasjonale, tiltak.

Spelemannslaget trekkjer vidare fram moment ved arrangementet som dei meiner stettar krava som følgjer av retningslinjene:

- Arrangementet vert planlagt og gjennomført på tvers av kommune- og regiongrenser i fylket.
- Aktiviteten og verdiskapinga skjer i Sogn og Fjordane.
- Dei frivillige kjem frå heile fylket.
- Dei frivillige får auka kompetanse på å gjennomføre store arrangement, noko som opnar for at det i framtida kan bli avvikla fleire arrangement på ein god og berekraftig måte.
- Hovudvekta av publikum er frå Sogn og Fjordane. Eit rikt kulturprogram for ei brei målgruppe trekkjer også publikum som ikkje er gammaldansentusiastar.
- Kulturprogrammet har ein tydeleg lokal profil med utøvarar frå Sogn og Fjordane, og presentasjon av eigne musikktradisjonar og eigen kulturarv.
- Arrangementet medfører stor omsetnad for både reiselivs- og handelsnæringa.

Endeleg meiner spelemannslaget at Landsfestivalen står for ei verdiskaping og ein aktivitet som kjem svært mange aktørar i fylket til gode, og at det er eit viktig arrangement langt utover «berre» gammaldansmiljøet.

Spelemannslaget ber fylkeskommunen vurdere søknaden på nytt opp mot gjeldande retningslinjer og prioriterte satsingsområde.

3. Vurderingar og konsekvensar

Fylkesdirektøren vurderte klagen slik:

Det kjem ikkje fram nye opplysningar i klagen ut over det som er gitt i søknaden, berre ei utdjujing av desse. Fylkesdirektøren kan heller ikkje sjå at det er gjort sakshandsamlingsfeil i samband med avslaget.

Gjennomføringa av eit slikt nasjonalt arrangement krev mykje lokal frivillig innsats og samarbeid. Samstundes er dette ein type arrangement der deltakarbetaling, billettinntekter og sals- og sponsorinntekter gir eit godt økonomisk grunnlag for arrangørane å planlegge ut frå. Overskotet går tilbake til lokal/regional arrangør.

Fylkeskommunen prioriterer å gi kulturmidlar til regionale tiltak, jf. retningslinjer for kulturmidlar. Søkjar argumenterer for at dette er eit tiltak med stor lokal og regional verdiskaping, og viktig for Sogn og Fjordane. Fylkesdirektøren vil ikkje bestride dette, men viser til at det er eit nasjonalt tiltak med nasjonal eigar(FolkOrg), men med lokal/regional arrangør.

Budsjettrammene gir ikkje rom for å støtte alle søknader. Fylkeskommunen må vurdere kvar enkelt søknad for seg. Det vart også gitt avslag på søknad frå klagar i 2015. Etter ei heilskapleg vurdering ser ikkje fylkesdirektøren grunnlag for å endre sitt vedtak av 14.04.2016.

Som tilleggsopplysning kjem at fylkeskommunen årleg støttar Sogn og Fjordane folkemusikklag med driftsmidlar. Folkemusikklaget arrangerer årleg tilsvarande arrangement for gammaldansmiljøet i fylket i samarbeid med lokallag.

Av retningslinjene for kulturmidlar går det fram at aktivitetsstønad vert gitt til aktivitetar av kulturell karakter, som har allmenn interesse, verknad for heile eller ein større del av fylket, eller syner nye vegar i kulturarbeidet. Alle som driv med kulturell aktivitet som har allmenn interesse, og med verknad for heile eller ein større del av fylket, kan søke tilskot frå denne posten. Målet med tilskotsordninga er å hjelpe til å fremje eit aktivt og allsidig kulturliv i fylket.

Det vert løyva aktivitetsstønad etter ei konkret vurdering i kvart enkelt tilfelle, innanfor dei til ei kvar tid gjeldande kulturpolitiske satsingsområde. Søknaden må innehalde prosjekttale med finansieringsplan og budsjett. Midlane skal nyttast til satsingar som korresponderer med regionale planar og handlingsprogram, og kulturstrategien sine satsingsområde.

Spelemannslaget skriv at dei ikkje kan sjå at det i retningslinjene står noko om at kulturmidlar ikkje kan gå til nasjonale tiltak i fylket, og at *«det er vel ikkje slik at den regionale dimensjonen forsvinn sjølv om det i tillegg fins ein nasjonal dimensjon»*.

Fylkesrådmannen presiserer at retningslinjene ikkje hindrar at kulturmidlar kan gå til tiltak som også har ein «nasjonal dimensjon». Som underinstansen skriv i avslaget er Landsfestivalen eit viktig arrangement for gammaldansmiljøet i fylket. Det er likevel slik at budsjetttrammene ikkje gir rom for å støtte alle som søker om kulturmidlar, og fylkeskommunen må difor prioritere søknadane ut frå retningslinjene. Ifølgje retningslinjene er målet med tilskotsordninga å fremje eit aktivt og allsidig kulturliv i fylket. Regionale tiltak vil såleis verte prioriterte. Jamvel om Landsfestivalen har lokal/regional aktør, er det eit nasjonalt tiltak med nasjonal eigar, og søknaden vart difor ikkje prioritert i år. Fylkesrådmannen har ikkje innvendingar til fylkesdirektøren si vurdering av at fylkeskommunen, i samsvar med retningslinjene, ikkje bør prioritere å yte støtte til arrangementet i år.

Fylkesrådmannen sluttar seg til synspunkta til assisterande fylkesdirektør for næring og kultur, og tilrår såleis at fylkesutvalet som klagenemnd ikkje tek klagen til følgje.

Dersom klagenemnda tek klagen heilt eller delvis til følgje, vert løyvinga dekt frå teneste 7900, kulturmidlar.

5. Konklusjon

På bakgrunn av retningslinjene for prioritering av kulturmidlar tilrår fylkesrådmannen at klagenemnda ikkje tek klagen til følgje.